

Svar på høyringsspørsmåla frå Odda vidaregåande skule, merkantilt personale og avd.leiar.

Høyringsspørsmål

- Kva oppgåver kan og bør leggjast til merkantile stillingar? Andre oppgåver enn dei som går fram av oversikta?
- **Vi viser til utkastet og stiller oss i hovudsak bak dette. Under elevrelaterte oppgåver der det viktig at det er pedagogisk leiing som har overordna ansvar for eksamen og «fagtrekk».**
- Korleis få til klare roller og klar ansvarsdeling mellom merkantilt tilsette og pedagogisk leiing?
- Dette ivaretar dagens modell for leiing ved vår skule. Vi meiner og at ein gjennom å bruka dei føreslegne oppgåvefordelingane i utkastet vil ein kunne tydeleggjere oppgåvene. Ein må sjølvsgåt sjå på kva kompetanse den einskilde har og organisera ut frå dette.
- Korleis leggje til rette for god samhandling mellom merkantile tenester og pedagogisk leiing?
- **Gjennom administrasjonsmøter der leiinga og representantar for merkantilt møter kvar veke for gjensidig samarbeid.**

Høyringsspørsmål

- Kva struktur vil vere tenleg for merkantile tenester på skular med ulik storleik?
- Større skular kan kanskje tene på å ha ein siviløkonom,- men då bør vel denne lønnast høgare om den skal vera interessant.
- Personalleiar frå leiinga som i dag,- med eigen leiar av adminstrasjon for den daglege drifta.
- Kor bindande bør merkantil struktur vere for skulane, status som rettleiande?
- **Rettleiande**
- Bør det vere rutine for godkjenning på skuleeigarnivået av merkantil struktur ved den enkelte skule? **Ja?**
- Kva tidsplan for gjennomføring kan vere realistisk? Innføring av ny struktur gradvis?
- **Denne endringa er viktig blir teke gradvis og at ein tek omsyn til at det er mange med realkompetanse som her vil falla ut om ein ikkje gjer dette på ein klok måte. (Tilpassa for den einskilde skule og deira tilsette.)**

Høyringsspørsmål

- Korleis ser de behovet for stillingar i høve til skulestorleik?
- **Vi har 230-235% stilling ved vår skule og meiner at det går nokonlunde opp. Å svare for andre er vanskeleg her. Det kjem ann på kor mykje ansvar og oppgåver ein legg til stillingane.**

Høyringsspørsmål

- Kva kompetansekrav bør leggjast til grunn i høve til oppgåver som er lagt til / kan leggjast til ulike stillingar?
- **Kompetansekrava i utkastet stettar vi. Vi er likevel noko usikre på om det let seg gjera å tilsetta siviløkonomar i distrikkulane..**

Høyringsspørsmål

- Kva kompetanseutvikling vil det vere det behov for?
- **Hos oss har vi den kompetansen som er sett opp i kravskjemaet for 2 av dei tilsette.**